



Marco Polo passerer Gavlen

Det er eit mylder av båtar i fjorden denne helga, men ein gjer større inntrykk enn dei andre. Det er Marco Polo, som gjekk gjennom Storsundet laurdag kveld etter vitjinga i Rosendal. Så langt vi har registrert, var det første cruisebåt-passeringa i Uskedalen denne sesongen.



Marco Polo passerer Uskedalen

Båten er ein kjend og kjær gjest i vårt område frå tidlegare. Den Bahamas-registrerte båten er 176 meter lang, står det å lese i registra. Reiarlaget heiter Transocean Tours og båten har plass til 850 passasjerar. Den var innom Bergen allereie i slutten av april. (Foto: Kristian Bringedal og Ola Matti Mathisen)